



Førebels er det stille i den store hallen til Eidsvik

Førebels er det stille i Eidsvik Skipsverft, som skal vakne til nytt liv når leigetakar Fitjar Mekaniske Verksted kjem igang med å bygga ein arbeidsbåt til havbruksnæringen. Verftsdirektør Hugo Strand opplyser til uskedalen.no at dei ventar på stål til jobben, men han reknar med at dei vil komma igang for alvor i neste veke.

Det trengs ein arbeidsstokk på 20 til denne jobben.og det meste av den er sett bort til eit norskregistrert firma med polske tilsette. Strand kan ikkje opplysa namnet på oppdragsgjevaren til båten då det ikkje er klart kva for verft det vert. men han avviser at det er Sjøtroll som har anlegg ved Skorpo..Båten skal fullførast i juli.



Fitjarverftet har spesialisert seg på katamaranar som arbeidsbåtar

Fitjar.-verftet er ei offensiv verksemd som har satsa på havbruk dei siste 5 åra

No vart kapasiteten for liten til å dekke oppdraga i tida framover og difor vart det konkurransramma Uskedalen-verftet ei lukkeleg løysing,slik at dei slapp å satsa på utlandet.

FMV vart etablert i 1957 og har 60 fast ansatte. Kundene er å finna innan havbruk, fiske og offshore og nybygging er den største aktiviteten. På havbruksektoren satsar verftet på eigenutvikla design både av forflåtar og arbeidsbåtar. Dei har ein eigen base for vedlikehald og lagring av utstyr. I anlegget på Fitjar inngår ein moderne brakkerigg med 40 rom.

FMV har no 5 arbeidsbåtar i ordreboka og alle skal leverast i år. Leiinga har pågang frå fleire interessentar.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen